



Kenneth Tredal
Litlevågsbrotet 31
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4536 - 21/39282

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2021

Ferdigattest fritidsbustad - gbnr 214/97 Fyllingsnes

Administrativt vedtak: Saknr: 667/21
Tiltakshavar: Kenneth Tredal
Ansvarleg søkjar: Sjøkanten Eiendomsutvikling AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad på gbnr 214/97.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.12.2012 (rammeløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottteken 20.05.2021.

Skildring

Adresse:	Litlevågsbrotet 31
Bygningstiltak:	Fritidsbygg
Bygningsnummer:	300398272
Bruksareal:	118,9m ²
Avlaup:	Privat kloakk
Vatn:	Offentleg vannverk
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

Q2
s2cv2

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) §.21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/4536

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Cecilie Wiken Moberg	Litlevågsbrotet 31	5913	EIKANGERVÅG
Kenneth Tredal	Litlevågsbrotet 31	5913	EIKANGERVÅG
Sjøkanten Eiendomsutvikling AS	Alverneset 24	5916	ISDALSTØ